

# Straum frå land under sterkt press

**KRAFTPLUGGAR:** Installasjonane på norsk sokkel produserer og brukar enorme kraftmengder for å henta opp olje og gass. Dei står samstundes for ein firedel av Noreg sine CO<sub>2</sub>-utslepp. Her frå Sleipner-feltet.

Det skulle bli det store klimakuttet. Men debatten rundt Hardangermastene fører til endå større vegring mot offshore elektrifisering.

**OVE A. OLDERKJÆR**  
ove.olderkjaer@bt.no  
Stord

– Eg gratulerer Hardanger med framgang i kampen mot mastene. Men den har fått ein negativ bismak ved å kalla fram folk som

vil ha omkamp om heile klimapolitikken, seier Marius Holm, nestleiar i Bellona og forkjempar for elektrifisering av olje- og gassinntallasjonane.

– Visst Noreg skal nå klimamåla, kjem vi rett og slett ikkje utanom elektrifisering, seier han.

## Vil ha stans

2010 er eit stort år for elektrifisering på sokkelen. Gjøa-plattformen fekk kopla straumleidingen frå Mongstad i juli, før jul står Valhall for tur med ein

30 mil lang sjøkabel frå Listalandet. Deretter står berre Goliat på kundelista for landstraum.

Klimatiltaket straum frå land er under press.

– Det har blitt fremja færre og færre prosjekt for elektrifisering, og debatten om Hardangermastene gjer klimaet for tiltak endå verre, seier Thomas Palm i miljøstiftinga Zero.

Framstegspartiet nyttar Hardanger-debatten til å be regjeringa og stortingsfleirtalet revurdere strategien om å elektrifisera olje- og gassplattformene.

## fakta

### kraftbruk offshore

- Av Noreg sitt samla årlege energiforbruk på ca 210 terawattimar (TWh) står plattformene på sokkelen for ca. 17 TWh, som er vel ein tredel av forbruket til alle hushaldningar.
- Plattformene produserer sjølve 8–10 TWh kraft i diesel- og gassturbinar.
- I 2008 var det 167 gassturbinar på norsk sokkel med samla installert effekt på ca 3000 megawatt (MW), og gjennomsnittleg verknadsgrad på 31,4 prosent.

– Ingen stader er det meir energisløsing enn offshore. Utnytningsgraden på plattformene sine diesel- og gasskompressorar ligg dels under kolkraftverka, seier Thomas Palm i Zero.

– Det er energipolitisk kortslutning å skulda Hardangermastene på elektrifisering offshore. Det har ingen ting med kvarandre å gjera. Det vi ønskjer er meir gass til kraftproduksjon med reinsing på land. Det vil sikra både ei sikker kraftforsyning på land og ein reduksjon i CO<sub>2</sub>-utsleppa offshore, seier Palm.

### Forliket

I januar 2008 inngjekk regjeringspartia og opposisjonen – minus Frp – det såkalla klimaforliket med eit overordna mål om å gjera Noreg karbonnøytralt innan 2030. Det vil seia at utsleppskutta for klimagassar skal vera like store som utsleppa.


To tredeler av reduksjonane skal skje nasjonalt. Og i nasjonen Noreg er petroleumssektoren den store klimagassyndaren, med 26,2 prosent av totalt 50,8 millionar tonn CO<sub>2</sub> sleppt ut i atmosfæren i 2009.

Oljedirektoratet, SFT (nå Klif), NVE og Petroleumstilsynet vurderte i 2008-rapporten «Kraft fra land til norsk sokkel» kutt i nærings sine utslepp med ein tredel gjennom elektrifisering.

## Elektrifisering på sokkelen

Etter 1996 har alle nye utbyggingsprosjekt innan olje og gass vore pålagt å utgreia el-kraft frå land som energikjelde. Så langt er 4 plattformer (Troll A, Valhall, Gjøa, Goliat) og 2 landanlegg (Kollsnes, Ormen Lange) klarert for el-nettet.

Felt	Status	Kabellengde kilometer	Koplingspunkt	Kraftmengd Megawatt*	Kostnad mrd. kr	Redusert CO <sub>2</sub> **
Goliat	Vedtatt start i 2013	106	Kvalfjorden	60	0,8	0,1
Heidrun	Vurdert og skrinlagt	230	Tjeldbergodden	116	–	0,4
Draugen	Vurdert og skrinlagt	113	Tjeldbergodden	30	–	0,2
Gjøa	Vedtatt start i 2010	100	Mongstad	40	0,6	0,2
Troll A	Gjennomført i 1996	69	Kollsnes	100	–	0,5
Troll	Søkt konsesjon***	69/80	Kollsnes/Mongstad	142	1-1,4	–
Ula	Under vurdering	300	Lista	43	–	0,2
Ekofisk-Eldfisk	Under vurdering	275	Lista	170	1,5	1
Valhall	Vedtatt start i 2010	294	Lista	78	1,4	0,3
Ormen Lange fase 2	Under vurdering	120	Aukra	52	–	–
Snøhvit inkl fase 2	Under vurdering	6	Hyggevan	414	11-25	1,2



\* Million watt effekt \*\* Million tonn pr. år \*\*\* 3 nye kablar i 2015  
Kjelder: OD, Klif, OED, Statoil, BP

Kjelder: OD, Klif, OED, Statoil, BP

## Forhandler om mastebygging

Statnett har inngått kontrakter for ca. 100 millioner om levering av materiell til Simadal – Samnanger, men avviser å ha avgjort hvem som skal bygge linjen.

**HEIDI TORKILDSON RYSTE**  
heidi.ryste@bt.no

Det skriver Statnett i en pressemelding. Det kroatiske selskapet Dalekovod skrev i går på sine nettsider at de hadde inngått kontrakt med Statnett om bygging av kraftlinjen i Hardanger. Kontrakten skulle ha en verdi på 20 millioner euro og var også meldt til børse i Zagreb.

### Kontrakter for 100 mill.

Statnett avviser dette i en pressemelding. De skriver at de i juli inngikk en intensjonsavtale med Dalekovod om bygging av ledningen, men at kontrakten ikke er ferdig forhandlet eller signert. Statnett bekrefter samtidig at de har en kontrakt med Dalekovod om levering av stålmaster. Denne kontrakten ble ifølge Statnett inngått i februar, men allerede 28. januar i år la Dalekovod ut en pressemelding om avtalen. Til nå er det produsert rundt 50 av i alt 283 master. Til sammen oppgir Statnett at de har inngått kontrakter for i underkant av

100 millioner kroner for levering av materiell til byggingen. For bare to dager siden sa kommunikasjonssjef Rune Gutteberg Hansen i Statnett at ingen kontrakter var inngått.

– Det er en glipp fra min side, jeg har ikke vært oppdatert på dette. Det beklager jeg, sier Gutteberg Hansen til VG.

### Kan brukes andre steder

Statnett planlegger å starte byggingen av cirka ti kilometer av linjen i høst. De vil starte i Samnanger i påvente av beslutningen om resten av linjen skal gå i luft eller sjø. Dette skal vurderes på nytt av Olje- og energidepartementet, og avgjøres i februar. Statnett sier det er uproblematisk at leveransekontrakter allerede er inngått, fordi de kan benyttes i alle Statnetts ledningsprosjekter og som reservedeler ved vedlikehold.

– En del materiell har lang leveringstid som gjør at vi må starte anskaffelsen på et tidlig tidspunkt. Den økonomiske risikoen for Statnett ved å starte anskaffelser før det foreligger konsesjon er derimot liten i og med at dette i stor grad dreier seg om standard komponenter. Også master kan brukes i andre prosjekter etter en mindre ombygging, sier konserndirektør Håkon Borgen.

### Vil fjerne boligmonopolet

**BERGEN:** Fremskrittspartiets Ungdom (FpU) vil gi private aktører støtte til å bygge studentboliger. Det melder Studvest. Formann i Hordaland Fremskrittspartiets Ungdom, Eskil Moen, sier til avisen at privatisering er den beste måten å øke antallet studentboliger på. Det er administrativ direktør i SiB Egil T. Pedersen uenig i. – Man vil bare få færre og dyrere boliger med FpUs forslag, sier han til avisen.



**KONTAKT 1:** Gjøa-plattformen utanfor Sogn er elektrifisert og fekk i juli halt om bord kabela frå Mongstad, tre månader før produksjonsstart.

FOTO: JAN RICHARD FINNE, STATOIL



**KONTAKT 2:** Valhall-feltets 24 mil lange likestraumskabel blei i vår trekt i land til omformarstasjonen på Lista.

FOTO: BP

– Snart tre år har gått sidan klimaforliket, og vi har ikkje kome noko særleg vidare, seier elektrifiseringstalsmann Thomas Palm i miljøstiftinga Zero.

– Målet i forliket blir så å seia uråd å nå utan å elektrifisera sokkelen, seier rådgjevar Birgitte Laird i Bellona.

### Prisen høg

Kostnaden ved elektrifisering er oljeindustriens hovudargument mot elektrifisering etter at «Kraft fra land»-rapporten i 2008 konkluderte med ein tiltakskostnad på minst 1600 kroner pr. tonn redusert CO<sub>2</sub>.

– Eit svært dyrt miljøtiltak. Noreg har mangel på rein kraft, noko som betyr at kraft til elektrifisering av sokkelen dermed måtte blitt supplert frå utlandet. Kor denne krafta kjem frå må med i miljørekneskapen. Det er liten grunn til å tru at krafta er CO<sub>2</sub>-fri, kommenterte dåverande direktør i Oljeindustriens Landsforening (OLF), Lars Arne Ryssdal.

– Ja, det er dyrt. Men det er også andre klimatiltak. Vi meiner at staten bør ta kabelkostnaden, og oljeselskapa naudsynte ombyggingskostnader etter ein rettferdig fordelingsnøkkel blant alle selskapa på sokkelen. Problemet med Noreg er at staten er så kjip. EU er langt flinkare til å ta kostnader med miljøtiltak, seier Birgitte Laird i Bellona.

Sidan 1996 er alle nye utbyggingar på sokkelen pålagt å greia ut kraft frå land som forsyningsalternativ.

Etter at petroleumsutvinninga måtte betala CO<sub>2</sub>-avgift frå 1991, har klimagassutsleppa på sokkelen gått ned med gjennomsnittleg to millionar tonn i året. Halve kuttet skuldast effektiviserings tiltak og redusert brenning av gass i fakkell.

– Dei siste ti åra er denne avgifta reelt nesten halvert. Det er ei av årsakene til uviljen mot elektrifisering i næringa, seier Thomas Palm i Zero.

## TØM KAMERAET ETTER FERIE

# DIGITALE BILDER

# 039\*

\* Kr 0,39 pr stk ved bestilling av min. 200 digitale bilder 10x13/15. Grunnpris og porto tilkommer.

Foto  Knudsen  
fotoknudsen.no



**Garuda**  
Rekruttering & Utvikling

- Rekruttering
  - Omstilling
  - Garuda Lederskole
  - Bedriftsinterne program
- www.garuda.no Tlf. 55 11 71 30